

Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Rv13 Kinsarvik-Bjotveit i Ullensvang - må byggjast ut no!

Framkome er særst viktig for utvikling i distrikta. Mange stadar på Vestlandet slit ein med å koma fram som fylgje av ras og fare for ras. På Rv13 Kinsarvik--Bjotveit er det vanskeleg framkome grunna manglande vegbreidd i kombinasjon med aukande trafikk.

Rv13 mellom Kinsarvik og Bjotveit må oppgraderast med gul stripe. Sjølv med ljosregulering og døgntrafikk på under 1000 opplever ein at trafikken stoppar opp og ein får forseinkingar. (07.09.2020 986 bilar ref trafikkteljar Bu Vest.)

Sommaren 2020 vart ekstra krevjande for fastbuande, turistar og næringsdrivande i Hardanger. Tiltaket med å ljosregulera deler av strekinga var ikkje nok. Forseinkingar på to timar på eit strekke på 18 kilometer medførte at det vart sett inn manuell trafikkdirigering.

Hardangerrådet krev at Regjeringa følgjer opp sitt handlingsprogram og:

- Syter for finansiering av Kinsarvik-Kyrkjenes i 2021. (Ferdig regulert for lenge sidan)
- Syter for at igangsett planarbeid for Kyrkjenes-Ringøy vert fullført og kjem inn i fyrste del av handlingsprogrammet ved neste rullering av NTP.
- Syter for at planlegging Ringøy-Bjotveit må inn i fyrste del av planleggingsprogrammet ved neste rullering av NTP slik at denne kan startast opp straks dei to fyrste parsellane er ferdige.

Kinsarvik 14.09.2020

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Jostein Eitrheim
dagleg leiar
Hardangerrådet iks signerar digitalt